



Ragnhild Bakke Waale
NORSK START 8-10

JUL

I NOREG

JUL I NOREG


Julepynt Juleferie Julelys
Julegåver Julekrybbe Julefrukost
Julegudsteneste Julestjerne Julebord
Julehandel Juleblomar Julemat
Juleklede Juletre

Jul

Jula blir feira i desember – på den mørkaste tida av året her i landet. Før jul pyntar mange med lys, hjarte, stjerner, nissar, englar og juletre – både heime, i hagar, i gater og i butikkar.

I Noreg er 24. desember den viktigaste dagen i jula. Dagen heiter julaftan. Dagen før heiter veslejulaftan. På julaftan er dei fleste i ein familie saman, og alle pyntar seg med fine klede. Dei går rundt juletreet mens dei syng julesongar, dei et god mat og gir kvarandre gåver. Før julemiddagen går mange i kyrkja for å syngje julesongar og høyre juleevangeliet. Juleevangeliet fortel om Jesu fødsel.

Jul er ei tid for å vere saman med familie og venner. Det er juleferie for både barn og vaksne, og god tid til å gjere mykje hyggjeleg saman og å ete saman. Jula er ei kristen høgtid til minne om at Jesus blei fødd. Derfor er det mange gudstenester i kyrkjene i jula. I nokre kyrkjer er det fleire gudstenester på julaftan for at alle som kjem, skal få plass.



Mange gir pengar og gåver som blir til glede for dei som treng det.

• Kva veit du om jul?



Julegate

Advent

Tida før jul heiter advent. Ordet advent betyr komme, og det er Jesus som skal komme. Advent varer i fire veker, det vil seie at det er fire adventssøndagar før julaftan. Derfor er det mange som pyntar med fire lys i adventstida og tenner eitt lys for kvar søndag fram til jul.

For kvart lys som blir tent, les mange eit vers i diktet «Advent» av Inger Hagerup:

Første søndag i advent:

Så tenner vi ett lys i kveld,
Vi tenner det for glede.
Det står og skinner for seg selv
og oss som er til stede.
Så tenner vi ett lys i kveld,
Vi tenner det for glede

Tredje søndag i advent:

Så tenner vi tre lys i kveld,
for lengsel, håp og glede.
De står og skinner for seg selv
og oss som er til stede.
Så tenner vi tre lys i kveld,
for lengsel, håp og glede.

Andre søndag i advent:

Så tenner vi to lys i kveld,
to lys for håp og glede.
De står og skinner for seg selv
og oss som er til stede.
Så tenner vi to lys i kveld,
to lys for håp og glede.

Fjerde søndag i advent:

Vi tenner fire lys i kveld,
og lar dem brenne ned, -
for lengsel, glede, håp og fred,
men mest allikevel for fred
på denne lille jord,
hvor menneskene bor.



Adventskalender



Adventskrans



Frå ei gudsteneste i adventstida. Lilla er adventsfargen. Kvar finn du noko med lilla her?



- Kva for nokre julesongar har du høyrte? Kva handlar dei om?

Nokre har også ein eigen adventskalender. Då får barn og ungdom små overraskingar i adventstida frå 1. desember og fram til julaftan 24. desember. Andre har ein kalender der dei skal gi noko til nokon, eller at familien skal gjere noko saman.

Det finst mange songar og forteljingar som handlar om jul og alt som skjer i adventstida. På skulane og i barnehagane syng dei julesongar og høyrer juleforteljingar.

I kyrkjene er det mange konsertar i adventstida. Folk kjem til kyrkja for å høyre og å syngje nye og gamle julesongar.

Det har blitt ein tradisjon at mange artistar held konsertar i kyrkjer i desember. Ein tradisjon er noko folk gjer på same måte mange gonger.

Ei *overrasking* er ei hending som er uventa.

Ein *artist* er ein kunstnar, til dømes ein songar eller ein musikar.



Hos nokon er det vanleg at ein i familien kler seg ut som julenisse og kjem med gåver til barna på julaftan.

- Kva veit du om julenissen?
- Kva heiter julenissen på andre språk?

Å *forfølge* betyr følge etter, plage, gjere noko vondt mot, fange eller drepe.

Ein *martyr* er ein person som dør for trua si.

Ein *helgen* er ein heilag person.

Bakst er alt som vi kan bake, til dømes brød, bollar eller kaker.



Mange et lussekattar på Lucia-dagen. Det er søt bakst, nesten som bollar.

- Kva veit du om Lucia?

Julenissen

Det er vanleg å pynte med julenissar til jul. Det er mange forskjellige forklaringar på kvifor julenissen har blitt så populær. Ei forklaring er frå rundt år 300 i Vesle-Asia. Der levde det ein biskop som heitte Nikolas. Ein biskop er ein leiari for fleire prestar i kyrkja. Nikolas var snill, hjalp dei som hadde det vanskeleg, og gav pengar til fattige. Ein gong gav han pengar til tre fattige systre slik at dei kunne gifte seg. Han kasta pengar ned i pipa på huset der dei budde. Nikolas døydde 6. desember. Derfor er denne dagen kalla Sankt Nikolas-dagen. I nokre land er det tradisjon å gi kvarandre gåver denne dagen.

Luciadagen

13. desember er kalla Luciadagen. Tidlegare trudde folk at natta før 13. desember var den lengste og mørkaste natta i heile året. På 300-talet levde det ei jente på Sicilia som heitte Lucia. Namnet hennar betyr lys. Ho var kristen og hjalp fattige menneske, men ho blei forfølgt og til slutt drepen. Ho blei sett på som ein martyr, og blei gjort til ein helgen.

Barnehagar og skular feirar Lucia-dagen med at barna har på seg kvite klede og lys på hovudet og i hendene. Dei syng om ei mørk natt som får lys av Sankta Lucia.





Juletre og julehjarte

Det er tradisjon å ha eit juletre heime i stova. Dette blei vanleg i norske heimar frå byrjinga av 1900-talet, men nokre hadde juletre inne i stova allereie på midten av 1800-talet. Skikken kom frå Danmark og Tyskland. Dei fleste brukar eit grantre, mens andre har eit furutre. Det blir pynta med lys, kuler i mange fargar, papirkorger, flagg og englar. I toppen av juletreet er det ofte ei stjerne. På julaftan ligg det gåver under treet. Dei blir delte ut til familien som er saman om kvelden. Nokre går rundt juletreet mens dei held kvarandre i hendene og syng julesongar.

Det er vanleg å pynte med hjarte til jul. Hjarta kan vere lilla i advent og raude til jul. Nokre har også kvite hjarte eller hjarte av sølv eller gull. Eit hjarte fortel oss om kjærleik. Det kan vere kjærleik og vennskap i familien eller til andre vi er glade i. Eit hjarte i jula kan også fortelje om Guds kjærleik til menneska.

Skikk betyr vane, noko ein pleier å bruke eller å gjere. Ein tradisjon.





Julekrybbe

Det finst mange ulike julekrybber, store og små, ute og inne. Der er det figurar av Jesus-barnet, Maria, Josef, gjetarar og sauer. Det er fordi Bibelen fortel om desse i juleevangeliet.

Bibelen fortel at Maria ein dag fekk besøk av engelen Gabriel. Maria var rundt 15 år og budde i Nasaret, ein liten landsby i Galilea i Midt-Austen. Engelen fortalde at Maria skulle få eit barn utan å vere saman med ein mann. Barnet skulle heite Jesus. Namnet betyr frelsar. Jesus var både Guds son og sonen til Maria. Maria var forlova med Josef, og dei gifta seg.

Ein dag bestemte keisaren i Romarriket at alle som budde der, skulle teljast. Dei måtte teljast i den byen slekta var frå. Slekta til Josef var frå Betlehem, så Maria og Josef drog dit. Det var ei lang reise, fleire dagar å gå. Kanskje hadde Maria eit esel å sitje på. Då dei kom fram, var alle hus fulle av folk som også skulle teljast. Derfor overnatta dei ein stad saman med dyr, kanskje var det i ein stall. Der fødte Maria Jesus. Ho stelte han og la han i ei krybbe.

Nokre gjetarar passa sauer utanfor Betlehem på den tida. Det var natt, menneske og dyr sov. Då kom det plutsleg englar til gjetarane, natta blei fylt av lys, glede, song og mange englar. Englane fortalde om at Jesus var fødd. Gjetarane drog av garde og fann Maria, Josef og Jesus-barnet. Dei fortalde om alt det dei hadde sett og høyrte.

Ein *keisar* er eit statsoverhovud, ofte for eit stort område med fleire kongar under seg.

Ei *slekt* er alle som høyrer til ein familie.

Ein *stall* er ein bygning der hestar eller andre dyr bur.

Ei *krybbe* er ei kasse som dyr får maten sin i.

Ein *gjetar* er ein som passar sauer eller andre dyr.

- Kva veit du om Jesus?

Julestjerner og englar

Bibelen fortel at det var nokre vise menn frå Austen som ein dag såg ei stor og klar stjerne på himmelen. Det betydde at det var fødd ein stor konge, tenkte dei. Vismennene drog for å finne denne kongen. Først besøkte dei slottet der kong Herodes budde, og spurde om det var fødd ein prins der. Herodes visste ikkje noko om dette. Vismennene drog vidare, såg på stjerna og følgde ho. Då fann dei Maria, Josef og Jesus-barnet. Dei hadde med fine gåver til barnet.

Denne forteljinga er bakgrunnen for at vi pyntar med stjerner til jul. Mange pyntar også med tre vise menn eller tre kongar til jul.

Bibelen fortel også at kong Herodes ikkje likte at det var fødd ein prins eller ein konge i landet hans. Herodes var redd for at den nye kongen skulle ta makta frå han. Han gav derfor beskjed til soldatane om at dei skulle drepe alle gutabarn i området der Jesus var fødd. Før dette hadde Josef fått beskjed av ein engel i ein draum om at familien måtte skunde seg bort. Dei flykta til Egypt og budde der til kong Herodes var død. Då drog dei heim til Nasaret og busette seg der.

Vis betyr klok.

Å skunde seg betyr å forte seg, vere rask.

Å flykte betyr å rømme frå landet.

Å busetje seg betyr å skaffe seg ein bustad, å slå seg ned ein stad.

- Korleis trur du det er å vere på flukt?



Julestjerna over stallen med Maria, Josef og Jesus-barnet.

Dei heilage tre kongar, som også blir kalla dei tre vise menn, besøker Jesus-barnet. Måleri av ukjent kunstnar i Maria-kyrkja i Roma.



Englar og gjetarar i Betlehem. Måleri i taket i ei kyrkje i Roma. Ukjent kunstnar.



• Kva veit du om englar?

Ordet engel betyr bodbringer, ein som Gud sender til menneska for å fortelje dei noko eller for å vere saman med dei. Det står om englar 300 gonger i Bibelen. Englar er viktige i dei kristne forteljingane om jul.



Kyrkja

Kristendommen kom til Noreg på 800-talet. Kristne tradisjonar er ein del av den norske kulturen. Det viser seg til dømes i ord, musikk og i alle tradisjonane rundt dei kristne høgtidene.

Det er kyrkjer i alle kommunar i Noreg. Alle kyrkjeklokkene ringjer kl. 17.00 på julaftan. Då begynner høgtida. Det er gudstenester i kyrkja både julaftan og andre dagar i jula.

Haslum kyrkje i Bærum utanfor Oslo.



Kyrkjeklokke i ei gammal norsk kyrkje.

Heidensk betyr noko som ikkje er religiøst.

Vintersolkverv er når sola står lågast på himmelen.

- Kva heiter jul på morsmålet ditt?

OM ORDET JUL OG SAMANSETTE ORD

Jul er eit gammalt namn på ein stor heidensk fest 21.-22. desember i Norden i før-kristen tid. Etter at kristendommen blei innført, blei det gamle heidenske namnet brukt på den kristne høgtida fordi det var omtrent på same tid. Denne festen var ein vintersolkvervsfest då sola stod lågast på himmelen og dagen var mørkast.

Ordet jul er eit substantiv som på nynorsk er hokjønn.

EINTAL		FLEIRTAL	
Ubestemt form	Bestemt form	Ubestemt form	Bestemt form
ei jul	jula	juler	julene

For å få fram at noko har med jul å gjere, lagar vi mange samansette ord. Ordet jul er det første leddet eller delen: *juletre*, *julekveld*, *julepynt*.

Norsk er eit språk med veldig mange samansette ord. Vi skriv desse samansette orda som eit ord.

I eit samansett ord kan to ledd enten berre stå inntil kvarandre: til dømes *bokhylle* (av bok og hylle), eller det står ein bokstav mellom dei. Denne bindebokstaven er som regel enten ein *e*, som i *julegåve*, eller ein *s*, som i ordensreglar (av orden og reglar).

Veldig mange ord tek *e* som bindebokstav. Dei aller fleste av dei er einstavingsord som ikkje er lånord, og alle endar dei på konsonant, f.eks.:

jul som i *julekveld*
folk som i *folkefest*
gut som i *guterom*
hest som i *hestehale*
hund som i *hundehus*

Nesten alle samansette ord som har ordet jul som første ledd, tek *e* som bindebokstav, til dømes *julegåve*, *julemat*, *juletre*. Men det finst unntak. Eit viktig unntak i denne samanhengen er *julaftan*.



Juletre

NORSK START
8-10 KRLE
PÅ LAGER!

NORSK START
SAMFUNNSFAG

8, 9 OG 10

KJEM

1. OG 2. KVARTAL
2018

NORSK START
5-7 OG 8-10
KOM I GANG!
(MED ALFABETISERING)

KJEM
1. KVARTAL
2018

Foto:

Getty Images: iStock s. 3, 4h, 5, 6, 7, 8, 9, 10.
NTB Scanpix: plainpicture s.1, Heiko Junge s. 2,
Mimsy Møller / Dagsavisen / Samfoto s. 4v,
Erik Berglund, Aftenposten, s. 11.

© Cappelen Damm AS 2017

Omsett til nynorsk av Benedikte Grov
Grafisk formgiving: Sandvik design
Redaktør: Unni Wiel

ISBN 978-82-02-55171-1

cdu.no
krle-nett.cdu.no